



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/211419-5

Dykkar referanse:
15/2719 – 17/1514

Vår dato:
30.03.2017

Uttale til endring av områdereguleringsplan for Frekhaug senter – Meland kommune

Vi viser til høyring av endring av områdereguleringsplan for Frekhaug, planID 1256 2010 0004.

Om planforslaget

Forslaget til reguleringsendring legg til rette for at regulert byggjehøgde kan aukast for senterområda S9 og S10 i gjeldande reguleringsplan for Frekhaug senter. Vidare er det føreslått å setje krav til parkeringsanalyse ved ny utbygging innanfor senterområda S7, S9 og S10, som dokumenterer at parkeringsdekninga er ivaretatt. Det vert også stilt krav om utbyggingsavtale for gjennomføring av tiltak etter planen som får følgjer for offentlig grunn.

Reguleringsarbeid for vegsystemet

Statens vegvesen minner om at vi er under oppstart av reguleringsarbeid for fylkesveganlegga i Frekhaugområdet. Vi ser mellom anna trong for å regulere ei ny/endra kryssløysing i Frekhaugkrysset og kopling med fv. 244. I tillegg vil vi regulere tilbud for gåande og syklande langsmed fv. 244 til Sagstad skule/idrettsanlegget. Gjeldande reguleringsplan er ikkje dimensjonert for den venta utviklinga i området, og rundkøyringa i områdeplanen kan ikkje byggast utan å endre store deler av infrastrukturen i sentrum. Planområdet for dette reguleringsarbeidet vil overlappe områdeplanen.

Merknad til reguleringsendringa

Dei føreslegne endringane i reguleringsplanen vil få liten innverknad på vegløyisingane i planen, men vil gje potensiale for auka bustadbygging i Frekhaug sentrum. Endringane er i tråd med intensjonane som ligg i den vedtekne områdereguleringsplanen, og Statens vegvesen har difor ingen vesentlege merknader til reguleringsendringane.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN